



Vestland Fylkeskommune
Kari Veseth Kinden
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1203 - 22/77906

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
11.10.2022

Spørsmål og invitasjon til utgreiing i møte for Utval for areal, plan og miljø - Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Alver kommune viser til klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad med PlanID 1263-201407.

Utval for areal, plan og miljø (APM) var på synfaring i saka før møtet den 07.09.2022.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø (APM) i møte den 07.09.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 108/22 Vedtak:


APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instansar/fagmiljøa som har laga planen.»

Spørsmåla frå Utval for areal, plan og miljø (APM) lyder som følgjer:

1. Kvifor kan ein ikkje bruka den allereie kommunale vegen som ligg frå Bensinstasjonen til Mongstadkrysset?
2. Kvifor er det gul sone og ikkje raud sone på Tykhelle? Dette vil evt få konsekvensar for vidare arbeid med sykkel/gangveg.
3. Kvifor går ikkje tilkomstvegen i starten nærmare fylkesveg 57 og vidare bort til eigedomen gbnr 118/2? No er den regulert midt på bøen frå garasjen gnr 118 bnr 1. Det medfører at ein teig på bnr 1 vert veldig oppdelt.

Sjå kart nedunder til spørsmål nr. 3:

Plankart 3 – utsnitt vedlagt klagen - gbnr 118/1



4. Kva vurderingar er gjort med omsyn for å sikre gode landbruksavkøyringar på klagarane sin eigedomar?

Alver kommune [inviterer Vestland fylkeskommune](#) til å gjere greie for spørsmåla i møte for Utval for areal, plan og miljø (APM) den 09.11.2022. Neste møte vert 07.12.2022.

Det bes om ei hurtig tilbakemelding og seinast innan 27.10.2022 om Vestland fylkeskommune kan gjere greie for spørsmåla i møte for Utval for areal, plan og miljø (APM) den 09.11.2022, eventuelt i møte den 07.12.2022.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt. Link til klagesaka, finn dykk [her](#)

Møte for utval for areal, plan og miljø (APM) vert halde som fysisk møte på Region Nordhordland Helsehus (RNH), Kvassnesvegen 40, 5914 Isdalstø med møterom Nordhordland. Møtet vert streama på Alver kommune TV. Møtet er ope for publikum.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad

Kopi til:

Harris Advokatfirma As Avd Bergen	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harris Advokatfirma As Avd Bergen	Postboks 4115 Sandviken	5835	BERGEN
Harry Michal Rosnes	Amalie Skrams Vei 37	5036	BERGEN
Harry Michal Rosnes	Amalie Skrams Vei 37	5036	BERGEN
Karstein Jonas Stene	Hellebakken 3	5039	BERGEN
Karstein Jonas Stene	Hellebakken 3	5039	BERGEN
Liv Marit Hetlebakke Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS
Olav Kåre Tykhelle	Mongstadvegen 162a	5955	LINDÅS
Olav Kåre Tykhelle	Mongstadvegen 162a	5955	LINDÅS
Rita Waagenæs	Mongstadvegen 497	5955	LINDÅS
Rita Waagenæs	Mongstadvegen 497	5955	LINDÅS
Vestland Fylkeskommune Innovasjon Og Næringsutvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Øyvind Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS
Øyvind Hope	Litlåsvegen 72	5955	LINDÅS

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune Innovasjon Og Næringsutvikling	Postboks 7900	5020	BERGEN
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN